

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Postmottak Lindås kommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1655 - 17/4573

Saksbehandlar:
Grethe Elin Mjelde
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2017

PLANGODKJENNING AV NY KNARVIK BARNESKULE

Miljøretta helsevern skal i samband med planlegging og bygging av ny Knarvik barneskule gje samtykke til planar. Dette i samband med rettleier til *forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6*

Planteikningar er sendt via e-post til miljøretta helsevern 26.01.17.

Planane for Knarvik barneskule er eit bygg for ca. 450 elevar.
Det skal og byggjast eit idrettsbygg saman med skulen.

Miljøretta helsevern har vurdert tilsendte teikningar og har fylgjande kommentar:

- Skulen vil etablere trafiksikker tilkomst, der det vil bli lagt til rette for sykkelparkering. Mange vil vere under tak. Dette vil fremje folkehelsa, ved å leggje til rette for meir bruk av sykkel.
- Skulebygget vil bli etablert i eit fint område, og med eit flott tilrettelagt uteområde.
- Det vil bli etablert 2 stk. toalett ute ved inngang til 1. og 2. trinn (ikkje vist på planteikning). I rettleier til forskrifta står det at toaletta skal vere lett tilgjengeleg og minst eit skal nås frå uteområdet. Byggeforskserien 342.205: *Enkelte toaletter bør kunne nås fra utendørsarealet.*

Knarvik skule vil bli ei stor skule, og er berekna for ca. 450 elevar. Toalett tilhøyrande dei einskilde klasser er å finne i fingarderobe, noko som ikkje vil vere lett tilgjengeleg dersom ein er ute. Med tanke på at det bør leggjast opp til meir fysisk aktivitet for elevane, og at elevane er mest mogleg ute (i friminutta), bør det ikkje vere mindre enn 2 toalett som kan nås frå uteområdet. Dette med tanke på at dei andre toaletta ikkje er lett tilgjengeleg frå uteområdet.

- Skulen vert knytt saman med eit nytt idrettsbygg. Dette vil føre til at skulen og uteområdet vil bli nytta til meir enn berre skule. Skulen og uteområdet vil bli nytta ved mange store arrangement, og bør då vere tilpassa personar med nedsett funksjonsevne. Det bør derfor vurderast å etablere eit toalett med universell utforming (HCWC) som er lett tilgjengeleg frå uteområdet.

Samtykke til planer

Miljøretta helsevern samtykkjer til planane angående ny Knarvik barneskule, etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

- Det må vurderast å leggje til rette for eit HCWC som er lett tilgjengeleg frå uteområdet.

Ei endeleg godkjenning av skulen etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* vil bli gitt etter søknad når bygget står ferdig.

Med hilsen

Terese Folgerø
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hogne Haugsdal
Ingunn Palmesen
Kristin Moe
Linn Hagen
Postmottak Lindås kommune
Terje Fauske
Terje Hugo Aarvik
Therese Urdahl Braseth
Ørjan Raknes Forthun